



## Møte i FAU (Foreldra sitt arbeidsutval)

Onsdag 07. februar 2024 kl. 19.00 – 20.30

**Møtestad:** Slåtten skule, auditoriet.

**Desse møtte:** 1A Nina K. Heggestad Skjerven (og 3B), 1B og 4A Endre Rosvoll Langset, 2A Linda Nesse Nesdal, 2C Toril Marie Terum, 3A Marie Fossheim, 4A Endre Rosvoll Langset, 4B Jon Anders Schei, 4C Agnetha Fløtre Bøyum, 5A Rakel Boge, 5B Astrid Solheim Korsvoll, 6A (og 3B) Gunnhild Sande, 6B Bente Bakke, 7A Kjell Wernik-Nystøyl, 7B Silje Sægrov Amble og 7C Christian Moltu.

### Sakliste

Rektor informerte kort om mobilbruk: Mindre mobilbruk. Lov å ha med, men skal vere avslått i sekken. Den skal vere vekke frå skuledagen (ikkje bruke i timen eller i friminutta). Har ikkje mobilhotell.

### Sak 1/24

#### Trivsel og psykososialt miljø ved Slåtten skule.

**Resultat frå elevundersøkinga:** Ser litt av den same tendensen på Slåtten, som elles i landet. Motivasjonen går litt ned, og mobbetala litt opp. Elevane svarar godt over landssnittet at dei andre ikkje gjer narr av kvarandre dersom nokon svarar feil. På spørsmål om «du har blitt mobba på skulen dei siste månadane», har fleire elevar svart at dei har opplevd mobbing (av ulik art).

Spørsmål frå FAU: kva for tiltak har skulen tenkt å setje inn for å få ned desse tala?

Rektor syner fram læringspsyket og verdisynet til Slåtten skule, og slik jobbar ein med skolemiljøet. Undersøkinga som vart teken på 7. trinnet, avdekkar at nokon på trinnet blir mobba. Det er derfor utført ei Spekter-undersøking (ikkje anonym). Deretter samtale med helsesøster/rektor dersom det er ein vaksen som mobbar, og med ein lærar dei har god relasjon til dersom mobbinga skjer mellom elevar. Det er planlagt at det skal vere jamlege samtalar og oppfølging av dei som har meldt behov framover. Elevane vert følgt opp sjølv om mobbinga ikkje har skjedd nyleg, fordi kjensla av å ha vorte mobba, framleis er/kan vere hjå eleven.

Rektor fortel at det er mykje som skjer digitalt, som det er vanskeleg å ha oversikt over.

Rektor oppmodar dei vaksne på skulen om å tilbringe mykje tid saman med borna. Finne på kjekke ting i lag med elevane.

Rektor fortel om «tøysesjargong» mellom elevane, som startar som tull, men som kan gli over i ubehageleg og ufin språkbruk.



Rektor fortel at ho ser ei elevgruppe som har det godt, men at ho kan sjå at ikkje alle er like inkludert, og at enkelte kan vere litt «røffe» med kvarandre. Ho fortel at det er trivsel i dei tre klassane på 7. trinnet.

Innspel frå FAU: er det slik at ein berre flyttar fysisk «oppførelsesproblem» over på eit digital oppførelsesproblem? Kan skulen ha fokus på å konkretisere meir korleis vi oppfører oss mot kvarandre på sosiale media? Skulen kan hjelpe til med å gje elevane nokre køyrreregler for bruk av sosiale media?

Innspel frå FAU: Kan ein gå inn å gje ei aktiv opplæring i bruk av sosiale media? Det føregår mykje på mellom anna Snapchat på kveldstid.

Innspel frå FAU: det er ikkje nok å berre halde borna unna sosiale media til dei er 13, dei må få noko meir. Opplæring i bruk av desse i regi av skulen, men òg heime. Det som er positivt med at skulen tek tak i dette i plenum, er at alle får dei same beskjedane, og at elevane kan snakke om det i lag. Då er det viktig at dette vert kommunisert ut til heimane, slik at heimane kan samtale om dette heime.

Rektor: oppmodar FAU til å samanfatte nokre køyrreregler for bruk av sosiale media som ein kan sende ut til heimane. Oppmode til å snakke om, og gjennomføre, reglane heime. Desse kan mellom anna omfatte reglar om når på kvelden skal sosiale media, Teams, osv. verte slått av?

Innspel frå FAU: Vi oppmodar heimane om å snakke med borna om medviten bruk av sosiale medium, og at borna slår av mobilen ca. 1 time før leggetid.

Innspel frå FAU: Skulen har ei avgjerande rolle for danning og haldningsskaping.

Innspel frå FAU: skulen kan setje auka fokus på opplæring i digital kompetanse. Sikre at elevane får ein felles «ballast» å ta med seg ut i det verkeleg livet. Det har vore mykje fokus på det tekniske ved bruk av digitale lærermiddel, ikkje korleis ein kommuniserer med og oppfører seg mot kvarandre på nett.

Innspel på FAU: setje elevane i grupper og syne eksempel der ein ber elevane ta stilling til om dette er greitt, eller ikkje.

Innspel frå FAU: hjelpe elevane å utvikle god digital oppførelse (kompetanse), gjennom å samtale om det, sjå på døme og la elevane få høve til å diskutere i lag. Dannande diskusjonar. Syne døme på ein uheldig dialog/konflikt på Snapchat og drøfte det i lag med elvane. La elevane få delta aktivt i dialogen. -Ville du ha sagt dette direkte til nokon, eller berre digitalt?

Spørsmål frå FAU: kva synst dei tilsette ved skulen om resultatet frå undersøkinga? Kva gjer de for å auke motivasjonen hjå elevane?

Rektor seier at ein dagleg møter mostand frå elevane på å gjere kjedelege ting. Mange elevar forventar mykje moro når dei kjem på skulen, men skuledagen kan ikkje berre bestå av leik og moro. Dei skal lære det grunnleggande innan lesing, skriving, rekning, m.m.

Kommentar frå FAU: fortel at dei heime får høyre mykje positivt om lærarane på 7. trinnet.



Innspel frå FAU: kan skulen setje av tid på timeplanen til å snakke om til dømes Snapchat, TikTok, gaming, osv.?

Rektor konkluderer med at 7. klasse skal ha ein dialog kring språkbruk og digital oppførsel: korleis er vi med kvarandre på nett?

FAU spelar inn at vi ynskjer at skulen bør byrje tidleg (1. klasse) med dialog om dette. FAU ynskjer at det vert sett i gong ein kampanje/auka fokus for alle trinn på skulen om digital oppførsel.

## **Sak 2/24**

**Korleis jobbar skulen for å førebygge utestenging, krenking og mobbing.**

**Tiltak skulen set inn når elevar ikkje kjenner seg inkludert.**

## **Sak 3/24 Skuleåret 2024 - 25**

**Vi har mange ledige lærarstillingar til hausten. Tre av dei som jobbar hjå oss no har mellombels stilling. To blir pensjonistar. I komande førsteklasse er det over 70 elevar, det går ut 56 elevar i 7. klasse. Det fører til fleire rammetimar og fleire stillingar. Assisterande rektor, Asmund Friborg har bestemt seg for å prøve ny jobb, så den stillinga blir også utlyst no.**

Det vert vonleg fire førsteklassar til hausten, på grunn av stort trinn.

## **Sak 4/24**

### **17. mai på Slåtten**

**Minner om at foreldra på 5. steget har ansvar for å安排 17. mai på Slåtten.**  
Det ligg mange dokument digitalt om korleis det har vorte arrangert tidlegare år.

**NB! FAU-representantane på 5. trinnet må minne klassekontaktane på at det må vere eit møte om dette snarast for å fordel oppgåver.**

## **Sak 5/24**

### **Framdrift Legene**

Erland Slåtten har byrja å restaurere eit grindbygg. Christian Moltu skal skrive søknad for å prøve å skaffe pengar til restaurering. Noko av arbeidet lyt ein gjere på dugnad.

## **Sak 6/24**

### **Ymse**



Leirskule. Det var tidlegare fem dagar, men er no fire dagar. Er det reelt sett ei innsparing i dette?

Referent  
Rakel Boge

## Skuleruta 2024 - 2025

- Første skuledag 19. august 2024
- Haustferie 7. - 11. oktober 2024
- Fridag for elevane 1. november 2024
- Siste skuledag før jul 20. desember 2024
- Første skuledag etter jul 2. januar 2025
- Vinterferie 17. - 21. februar 2025
- Siste skuledag før påske 11. april 2025
- Første skuledag etter påske 22. april 2025
- Fridag for elevane 2. mai 2025
- Fridag for elevane 30. mai 2025
- Siste skuledag 20. juni 2025